



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/185 - 19/22261

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
10.07.2019

## Oversending av klage til endeleg behandling - gbnr 34/3 Bjørnevoll

### Saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon og frådelling av bustad nr. 2 på bruket. Det er søkt om eit areal på ca 2 dekar, slik det går fram av situasjonsplan motteken 04.03.2019.

### Søknaden vart godkjent av Plan- og miljøutvalet 15.05.2019 - saksnr. 051/19 :

*Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel jf. pbl § 11-6 for frådelling av tomt med bustadhus.  
Grunngjevinga går fram av saksframlegget.*

*Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på opp til 1700 m<sup>2</sup> frå gbnr. 34/3 på følgande vilkår:*

- 1. Tiltaket skal plasserast i samsvar med Landbrukssjefen sitt vedtak etter jordlova, datert 04.04.2019, sjå vurderinga i landbrukssaka, jf. pbl. § 29-4.*

*Parsellen sin nøyaktige storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.*

- 1. I samband med gjennomføring av oppmålingsforretning og tinglysing av den nye parsellen skal det ligga føre:*
  - Avtale som sikrar den nye parsellen rett til å plassera anlegg for vatn og avløp på privat grunn.*
  -

*Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.*

-----

**Vedtaket er klaga på av**

Fylkesmannen i Vestland i brev datert 05.06.2019.

**Vurdering:**

Lindås kommune har gjennomgått momenta i klagen.

Lindås kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak datert 15.05.2019.

Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Vestland ved settefylkesmann for endeleg avgjerd.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Melding til partane om vedtak i Plan-og miljøutvalet - gbnr 34/3 Bjørnevoll  
Dispensasjon frå LNF og løyve til frådelling av tomt med eksisterande bustad - gbnr 34/3 Bjørnevoll  
Søknad om oppretting av grunneigedom - gbnr 34/3 Bjørnevoll  
Nabovarsel  
Søknad om dispensasjon  
Situasjonsplan 34/3 Bjørnevoll  
Uttale - Lindås - 34/3 Bjørnevoll - frådelling av tomt med bustad - dispensasjon  
Løyve til deling etter jordlova på gbnr 343 Bjørnevoll  
Oversending av klage til orientering og evt. uttale - gbnr 34/3 Bjørnevoll

**Kopi til:**

Secilie Krossvoll	Bjørnevoll 90	5913	EIKANGERVÅG
Øyvind Krossvoll	Bjørnevoll 94	5913	EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------